

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	Gbnr-5/3, FA-V31	16/1052

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2019	Formannskapet	PS	29.08.2019

Klage på delegert vedtak - godkjent plan for nydyrkning på gnr 5 bnr 3 på Risnes

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Klage på delegert vedtak - godkjent plan for nydyrki (L)(123501)	02.08.2019
Grøfting av myr på gbnr 5/3 til skade for granneeidedom gbnr 5/5	14.06.2019
VS: Grøfting av myr på gnr.5 / bnr, 3 til skade for granneeidedom gnr.5 / bnr, 5	14.06.2019
Masfjorden kommune	
Møtereferat Befaring i Fagervik	14.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet viser til klagen og saksutgreiinga nedunder, og tek ikkje klagen til følgje.

Klagen vert i medhald av forvaltningslova og nydyrkingsforskrifta sin § 11 sendt over til Fylkesmannen i Vestland til endeleg slutthandsaming.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Masfjorden kommune har i brev av 13.11.2018 gjort vedtak om å godkjenna plan for nydyring på gnr 5 bnr 3 på Risnes.

Søknad om godkjenning av dyrkingsfelt frå grunneigar Erik A. Riisnes vart motteke den 15.12.2016. Saka vart deretter sendt på høyring til Hordaland fylkeskommune, som i brev av 13.01.2017 svarte at dei ikkje kunne sjå at tiltaket ville koma i konflikt med kjende kulturminne, men ber samstundes om at det vert teke omsyn til kulturlandskapsverdiane i området.

Den delegerte saka og vedtaket inneheld følgjande:

Administrativt vedtak. Saknr:

Med heimel i «Forskrift om nydyrkning av 02.05.1997 og delegasjonsreglement i Masfjord kommune gis Erik Riisnes med dette tillatelse til å nydyrka eit areal på inntil 8 dekar på eigedomen gnr 5 bnr 3

Godkjenning av planen for nydyrkning vert gjeven på følgjande vilkår:

- Dersom det kjem fram gjenstandar eller spor som tyder på eldre aktivitet i området arbeidet stansast straks, og melding sendast Fylkeskommunen omgåande jf. lov av 1978nr. 50 om kulturminner (kml) §8 annet ledd.
- Det forutsettjast at nydyrkingsarbeidet vert utført i henhold til dei betingelsar som høringsinstansar har gjeve.
- Dei krav som Forskrift om areal- og kulturlandskapstilskot stiller skal etterfølgjast
- For at arealet skal vera søkbart i ordningane areal- og kulturlandskapstilskot og RM (Regionalt miljøtilskot) må arealet vera oppmålt og godkjent etter krava for nemnde ordningar.
- Det vert ei kantsone på min 2m frå opne kanalar/avskjeringsgrøfter der ein ikkje til gjødsel.

Vedtaket er gyldig i tre år frå vedtaksdato, det vil sei fram til 14.11.2021, med høve til utsetd dersom det syner seg at at ein ikkje klarer arbeidsfristen.

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova og forskrift om nydyrkning.

1. Bakgrunn

Søkjar Erik Riisnes vurderer at innmarksarealet er i minste laget og har vore avhengig av leig. Omsøkt areal på eigen jord er synfart, bonitert og vurdert til å kunna dyrkast opp til fulldyrka sjølv om eit par parti er heller grunnlendt.

2. Uttale

Hordaland Fylkeskommune har i høyringssvar uttalt seg og her er ikkje spesielle hensyn utøvd som er nemnd i vilkåra i vedtaket.

3. Fakta

Søkjar Erik Riisnes har ein eigedom med 44 dekar fulldyrka, 8 daa overflatedyrka og 26 daa inmarksbeite. Produktiv skog 1764 daa, totalt 2535 daa. Drifta har vore mjølkeproduksjon og men er site året gått over til storfe og sau. Det er likevel behov for meir grovforareal og omsetninga er eigna til nydyrkning. Store delar har over 2m djupne, men eit par mindre grunne parti på 0,6-1,0 m. Myra er senkast. Myra har godt fall og ein legg opp til så jevnt overflatefall som praktisk mulig. Myra tilhøyrer kategorien grunn myr sterkt omdanna med ikkje nøyssom vegetasjon. Ein tilrår avskjeringsgrensa er eit par hovudgrøfter for å drenera ut myra før endelege sugegrøfter vert tekne. Her syner me til heftet «Jordmassar - Frå problem til ressurs» som er ein rettleiar for offentleg forvaltning laget av Hordaland fylkeskommune.

region Nordhordland. Her er mange gode tips forutan synleggjering av heile saksgangen med lovverk.

4. Vurdering

Nydyrkninga er i tråd med landbruksformålet i LNF- områder i kommuneplanen og er rekna som god for landbrukstiltak. Når ein følger nemnde forskrifter og lovverk ser kommune positivt på tiltaket. Det er ei betre arrondering og på sikt betra økonomi for bruket. Det er ikkje vurdert som turvande med ein søknad etter pbl §20-1 k (vesentlege terrengeinngrep)

5. Konklusjon

Sjå vedtak med vilkår. Kommunen skal ha melding når tiltaket er ferdig for innmåling og vurdering. Det kan også avhende endra bonitetsgrenser.

Det ligg no føre klage dagsett 08.05.2019 frå Arne Ottar Engesæter, som er nabo, og eig areal nedanfor dyrkingsarealet. Han skriv at han har purra jamnleg sidan 22.11.2017, og at vedtaket først kom ca 1 år etter hans første kontakt om saka hjå kommunen. Han viser til at på det tidspunktet var tiltaket alt sett i gang, området rydda, sprenging føreteke og grøfta med fall i drenering til hans

eigedom gnr 5 bnr. 5 avslutta.

Det vert i klagen vist til forskrift om nydyrkning av 1997, og rundskriv M/19/1997, der det kjem fram at naboeigar har klagerett i samband med slike saker. I klagen skriv Engesæter at han forventer at vedtaket vert endra, slik at det vert stilt vilkår om at utvasking av grøftene, som tidlegare er gravd på hans eigedom, vert steinsett eller lagt i røyr, som vert dimensjonert til å ta unna den auka vassmengden. Vidare ber han om at kommunen krev at tiltakshavar tilbakefører jord/ sand til områda rundt grøftene. Det vert og vist til private rettar knytt til utmarka.

I klagen vert det lagt ved kartbilete frå myra og lagt tidlegare innsende e-postar til kommunen om saka og kopi av pantebok.

Arne Ottar Engesæter sende inn ny e-post den 13.juni 2019, der han etterlyser klagen sin, og viser til at han vurderer å sende saka inn til Sivilombodsmannen. Han legg ved tidlegare klage av 08.05.2019, samt referat frå synfaring, som TML ved teknisk sjef og landbruksrettleiar hadde med han den 12.04.2019. Referatet er vedlagd saka.

Vurdering

Rådmannen har sett seg inn i saka, og ser at ved ein inkurie vart diverre ikkje vedtaket registrert på vanleg måte i sakssystemet, og berre tiltakshavar har fått dette tilsendt når vedtaket vart gjort den 13.11.2018.

Dette er å sjå på som ein sakshandsamingsfeil, og medfører at klageretten til naboen difor kan definerast som å koma innanfor rettvis tid. Det vert her vist til at naboen har prøvd å få ut vedtaket i lengre tid, og at han først den 07.05.2019 mottok vedtaket. Det vert her vist til forvaltningslova sin § 31 a der det står:

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

- a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

På bakgrunn av dette vert klagen handsama etter forvaltningslova, jf. § 11 i forskrift om nydyrkning, der det går fram at klagen skal vidare til Fylkesmannen om vedtaket ikkje vert endra.

Når det gjeld sjølve saka vil kommunen vise til at det ikkje er sjølve vedtaket om løyve til nydyring på omsøkt stad klagar er i mot, men ønskje om at kommunen skal stille avbøtande vilkår knytt til vedtaket. Det viktigaste vilkåret han ønskjer at kommunen stiller, er at grøfta på hans eigedom vert steinsett eller lagt i røyr, dette for å unngå meir utgraving. I tillegg ønskjer han at kommunen stiller vilkår om at tiltakshavar tilbakefører jord/ sand til området rundt grøftene hans.

Kommunen vil vise til at nydyrkingsforskrifta sitt hovudføremål er å sikra at nydyrkning skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggjast vekt på omsynet til naturverdiar knytt til biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbiletet, og driftsmessig gode løysingar. I § 5 i forskriftena står det om kva tilhøve som er viktig for vedtaket. Her vert igjen vektlagt korleis tiltaket vil

verka inn på natur- og kulturlandskapsverdiane, og om det ut frå jordlova sin § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga, og om nydyrkingsstiltaket legg til rette for driftsmessig gode løysingar. Vidare vert det vist til rundskriv M-19/97, som gjeld nydyrkning, og som inneheld retningsliner for praktiseringa av forskrifa.

Administrasjonen meiner at miljø og kulturlandskapsomsyna i liten grad vert råka av omsøkt tiltak, og at det heller ikkje er dokumentert at skadepotensialet er særleg stort. Slik kommunen ser dette er det først og fremst privatrettslege moment klagar kjem med i sine brev, tilhøve som gjeld mindre skader på hans utmark og grøfter. Dette er etter vår vurdering omsyn som i liten grad vert vektlagt i forskrifta, og som ein difor meiner ikkje vert tungtvegande nok til å gjera om på vedtaket.

Administrasjonen kan heller ikkje sjå at regelverket opnar for å stilla slike vilkår klagar ønskjer. Det vert her vektlagt at nydyrkingsområdet er avgrensa til ca 8 dekar, at det ligg i god avstand til kulurlandskap, og at ein ikkje kan sjå at viktige naturverdiar vert forringa. Vidare meiner ein at tiltaket legg til rette for driftsmessig gode løysingar for jordbruket. At dreneringa endrar seg i eit nydyrkingsfelt er pårekneleg, og det er viktig at tiltakshavar tek omsyn til eigedomar nedstrøms når han planlegg og gjennomfører arbeidet. Administrasjonen meiner at dei eventuelle privatrettslege tilhøve som gjeld på denne staden ikkje kan vektleggjast i denne klagesaka, og at det difor ikkje er sakleg grunn til å endra på vedtaket gjort den 13.11.2019. Ein rår med dette formannskapet om ikkje å ta klagen til følgje, og at saka difor vert å senda over til Fylkesmannen i Vestland til endeleg avgjerd.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet ikkje tek klagen til følgje, og at saka difor vert å senda over til Fylkesmannen i Vestland til endeleg avgjerd.

Formannskapet - 056/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet viser til klagen og saksutgreiinga nedunder, og tek ikkje klagen til følgje.

Klagen vert i medhald av forvaltningslova og nydyrkingsforskrifta sin § 11 sendt over til Fylkesmannen i Vestland til endeleg slutthandsaming.